



Permanent scene – s. 3



Ordførarskifte – s. 4



Hjørnesteinsbedrift – s. 6



BOKN BYGDABBLAD

Nr. 8 oktober 2015 – Årg. 30



30
år

www.bygdbladet.no

KJEKT PÅ **BOKN**



RDFØRAREN RDET

(Skrive før ordførarskiftet 27. okt. - red.anm.)

Kjære sambygding

Takk for meg!

Eg vil få takka for dei åtte åra eg har fått vore ordførar i Bokn. Det har vore åtte spennande år med mange utfordringar, eit mangfald av oppgå-

ver og ikkje minst møte med mange menneske!

Dei nye politikarane som nå tar over, går inn i ein spennande periode med saker som kvar for seg vil få mykje å seia for boknasamfunnet. Rogfast, ny E39 firefeltsveg og kommunestruktur er saker som er store og viktige og som vil få store konsekvensar for utviklinga av bygda. Men ein står også framføre andre, konkrete oppgåver som vil vera kostnadskrevjande, men naudsynte å gjennomføra, slik som t.d. utbygging av vassverket, sjukeheimen og omsorgsbustader.

I fleire år har kommunen vår hatt ein økonomi som har gjort det mogleg å halde eit tilfredsstillande driftsnivå, nedbetale gjeld og samstundes sette av pengar til fond. Kommuneøkonomin er eit viktig reiskap for å nå dei

mål ein set seg for utvikling av kommunen. Større endringar, slik som bortfall av eigedomsskatt frå Kårstø og Europipe II og reduksjon i dei statlege overføringane i samband med kommunereforma, vil kunne slå dramatisk ut for Bokn kommune.



Likevel trur eg tida jobbar for Bokn som kommune og samfunn. Eg veit at våre nye folkevalde politikarar er motiverte og klar til å jobba vidare for ei best mogleg utvikling av boknasamfunnet. Og saman med alle våre dyktige medarbeidrarar i administrasjonen er eg sikker på at ein vil lukkast i dette arbeidet!

Med dette gjer eg stafettinnen vidare til Tormod Våga og ynskjer han lukke til som ordførar i Bokn!

Kyrre Lindanger



Foto: Jardar Havikbotn



Kjære boknerar

Konstituering av kommunestyret

27. oktober konstituerte det nye kommunestyret for perioden 2015-2019 seg i kommunestyresalen på Boknatun. Gratulerer til alle i kommunestyret som er valgt som representanter og ambassadører for Bokn de neste fire år. Jeg er overbevist om at dette blir en fabelaktig gjeng å møte alt det spennende som skal skje i kommunen de neste fire år.

Spesielt gratulerer til Lars Sigmund Alvestad som varaordfører, Emilie Moi Eikje som formann i forvaltnings

styret, Jørgen Thuestad som nestleder i forvaltningsstyret og til Lars Øyvind Alvestad og Jørn Hansen som henholdsvis leder og nestleder av kontrollutvalget.

Jeg er overbevist om at alle er rette personer på rett sted.

Nå er hverdagen som skal vare de neste fire årene i full gang. For min del er kalenderen allerede godt full av aktivitet fremover mot jul og utover i det nye året. Det er mye som skjer rundt om kring, men jeg håper

å ha flest mulig fredager som fast kontordag på kommunehuset.

Det er mange større og mindre prosjekter som er planlagt for stadig å gjøre Bokn bedre. Det er jo slik at utvikling og forbedring ikke bare skjer i store kvantesprang, men i daglige små forbedringer som hver for seg drar i rett retning.

Møter i utvalgene 2016

Datoene for formannskap, forvaltningsstyret og kommunestyret i 2016 er satt opp. En endring her er at for-

mannskap og forvaltningsstyret nå vil følge hverandre. Er det formannskap på tirsdagen er det forvaltningsstyre på onsdagen. Dette fører til hyppigere forvaltningsstyremøter enn tidligere, noe som gir raskere behandling av saker. De politiske partiene kan også ha gruppemøter for begge utvalg på en gang. Dette blir mer effek-

tivt og sikrer bedre forankring av partipolitikken i utvalgene.

Gruppeledermøter

Det legges opp til gruppeledermøter i denne kommunestyreperioden. Ordføreren vil jevnlig invitere de fire gruppelederne til møter for å informere hva som skjer i forskjellige saker i Bokn. Gruppelederne tar dette

tilbake til sine grupper, og alle politikere har således tilgang på lik informasjon om det som foregår. Politiske beslutninger kan således tas med likt grunnlag av informasjon for beslutninger.

Kommunestyret er klare for fire spennende år for Bokn.

Hilsen ordføreren

Permanent scene

Jardar Havikbotn

Fleir brukshallen blir utvida og får permanent scene.

Det var etter grunnsteinsnedlegginga 21. oktober at kommunestyret i ekstraordinært møte samråystes vedtok å utvide hallen i sørrenden med 5,8 meter i høve til tidlegare godkjende planar, for å gje plass til ei permanent scene.

Kostnadsramma på 38 millionar kroner blei dermed auka med 800.000 kroner til utvidinga. Etter planen skal fleir brukshallen stå ferdig i august 2016.



SISTE DAG SOM ORDFØRAR: Ordførar Kyrre Lindanger i sørrenden på hallen, som er utvida med 5,8 m.

Forseinka

Dette bladet blei forseinka pga. sjukemelding, noko som førte til at eg fekk jobba med bladet før og etter ordførarskiftet - og kan presentera det siste Ordføraren har ordet med Kyrre Lindanger og det første til Tormod Våga, i same blad.

Du kan lesa meir om ordførarskiftet på neste side.

November- og Desember-utgåvene vil koma ut som normalt.

- redaktøren -

Møteplanar 2015

FORMANNSKAPET
Budsjettgjennomgang:
01.12 kl. 14.00
FORVALTNINGSSTYRET
02.12 kl. 19.00
KOMMUNESTYRET
Konstituering:
15.12 kl. 19.00



Møteplanar
2016 på s. 8

Ordførarskifte

Jardar Havikbotn

På konstituerande kommunestyremøte 27. oktober blei Tormod Våga (Sp) valt til ordførar. Lars S. Alvestad (H) blei varaordførar.

Tidlegare ordførar Kyrre Lindanger (Ap) gav kjedet og klubba til Tormod Våga, og takka for seg etter åtte år ved roret. Han sa også at han hadde god tru på entusiastiske kommunestyremedlemmer som vil styra Bokn dei neste fire åra.

Den nye ordføraren roste Kyrre Lindanger for den jobben han har gjort og ynskte lukke til vidare.



Bilde, øvst:

Kyrre Lindanger har nettopp gitt frå seg kjedet og klubba til den nye ordføraren, Tormod Våga.



Bilde, midten:

Rundt bordet frå varaordførar Lars S. Alvestad (H) (med ryggen til), ordførar Tormod Våga (Sp), rådmann Jan Erik Nygaard, Eiliv Staalesen (H), Per Helge Sunde (H), Lene Foss (H), Jørn Hansen (H), Anne L. Faye (Ap), Jørgen Thuestad (Ap), Kari Christensen (Ap), Sigmund Alvestad (KrF), Sandra Jøsang (Sp), Geir Aksdal (Sp), Roar Medhaug (Sp), Osmund Våga (Sp), Eirik Nedrebø (Sp), Emilie M. Eikje (Sp), Anita Kro (Sp).



Bilde, nedst:

Det nye formannskapet som skal ha sitt første møte 1. desember:

Framme fv. Anita Kro (Sp), ordførar Tormod Våga (Sp), Kari Christensen (Ap).

Bak fv. Eirik Nedrebø (Sp), varaordførar Lars S. Alvestad (H), Lene Foss (H), Sigmund Alvestad (KrF).



Skilting av attraksjonar i Bokn

Kyrre Lindanger

For å hjelpe turistane til å finna attraksjonane i bygda, har kommunen dei siste åra satsa på betre skilting. Difor kom det i veka 40 skilt ved syngjesteidn på Alvestad.


Skiltinga skjer for å løfte fram og gjere meir tilgjengeleg attraksjonar og kulturminner, til glede for både boknarar og tilreisande. I 2010 plasserte Bokn kommune ut nye informasjonstavler kring om i bygda, i tillegg til nye avrivingskart. Som eit ledd i reiselivssatsinga, melde kommunen seg også tidleg i 2011 inn i reiselivsorganisasjonen Nordsjøvegen.

Kommunen fekk også produsert navigable, nettbaserte panoramabilteier, som blei lagt ut på www.bokn.no våren 2013. I oktober i år blei i tillegg ny informasjonstavle, i regi av Nordsjøvegen, sett opp på rastepllassen på Austre Bokn og fortel på ein god måte om nokre av boknaattraksjonane. Kulturkontoret arbeidar også med å laga oversiktskart og informasjonsskilt for kystfortet på Klepp.

Syngjesteidn

Mange har etterlyst betre skilting av attraksjonane i Bokn. Seksjon Teknisk monterte difor i byrjinga av oktober skilt ved Syngjesteidn på Alvestad, i tillegg til informasjonstavle med tekster om denne spesielle steinen.

Tidlegare blei Syngjesteidn også kalla Klokkesteinen. Steinen gjev ein spesiell og syngande lyd når ein dunkar hardt på han. Før vegen rundt Boknabergsvatnet blei bygd i 1960-61, låg steinen omlag ved avkjøringa frå E39. Der stod steinen litt på skrå, og det blir sagt at det då var finare lyd i han enn der han ligg no. Det geologiske namnet er tonalitt, og er



Ny informasjonstavle, i regi av Nordsjøvegen, blei satt opp på rastepllassen på Aust-

ein djupbergart som etter mineralinnhalten slektar på grano-dioritt og dioritt. Det finst tilsvarende steinar også i andre kommunar.



Arild Ognøy, frå seksjon Teknisk, sette syngjesteidn på kartet i veka 40.



Viktig for lokalsamfunnet

Jardar Havikbotn

Hjørnesteinsbedriften Grieg Seafood Rogaland AS, avd. Bokn er i ein prosjekteringsfase. Ny hall på Trosnavåg er under planlegging. Dersom det blir bygging vil det medføra minst fire nye arbeidsplassar.

Den nye hallen (som blir lik å sjå til som den i dag) blir på nærmere 3.000 m² og delt inn i to avdelingar. Forutan produksjonsavdeling er det planlagt eige bygg med plass til oppholdsrom, garderobar og kontor. Då eksisterande hall (2.500 m²) stod klar i 2011 blei det investert ca. 60 millionar kr. Denne gong kjem totalinvesteringa truleg opp i 70 mill. Det vil m.a. bli større fiskekar i den nye hallen, og eit av måla er å produsera større smolt for å korta ned produksjonsti-

da i sjøen, og dermed minska risiko-en med lus og sjukdom.

Resirkulering og rensing av vatnet

Avdelingssjef Atle Jøsang fortel at dei sjølv sagt legg opp til resirkulering og rensing av vatnet i den nye hallen, slik det er på Trosnavåg i dag. For fire år sidan var denne teknologien lite brukt og ny i Noreg og Grieg

var tidleg ute. I dei seinare åra er det fleire firma som har bygd liknande anlegg. Mange folk frå heile verda, både politikarar og frå firma, besøker bedriften på Trosnavåg, for å læra og sjå korleis dei har bygd.

- Me resirkulerer vatnet 99% og produserer meir biomasse med mindre bruk av vassressursane, seier Atle.

Avløpa blir også reinska skikkeleg før det går ut i sjøen. Unikt for anlegget på Trosnavåg er at vatnet blir reinska med biofilter.

- Me brukar bakteriar til dette, bakteriar som et opp all skiten frå fisken og dermed reinskar vatnet. Dette gjer at me brukar veldig lite vatn og



PÅ OMVISING: Mange besøker bedriften på Trosnavåg, for å læra og sjå korleis dei har bygd. Her får kjendis Arne Hjeltnes (th.) saman med Høgreforpolitikarar, informasjon av Atle Jøsang.



Bakteriane gror på små plastikkjennstandar, som det er millionar av i dei to fire meter djupe kara på reinskeanleggsrommet.

det er enkelt å varma opp vatnet om vinteren. Det at temperaturen ligg på 15-16 grader heile vinteren, kostar oss svært lite i energi, seier han og viser meg nokre plastikkjennstandar som bakteriane gror på. Dei er det millionar av i dei to fire meter djupe kara på reinskeanleggsrommet. Der kjem det heile tida nye bakteriar til og dei gamle bakteriane døyr og går ut med vassmassane. Desse lagar litt farge på vatnet, som ikkje er noko problem for fisken.

- Her brukar me kun 200-300 liter vatn i minuttet. Skulle me produsert same mengde fisk på eit tradisjonelt anlegg hadde me brukt om lag 12.000 liter vatn i min., fortel han.

Viktig og ekspanderande avdeling i Bokn

Grieg Seafood Rogaland AS har 110 tilsette, 25 av dei er fordelt på dei fire lokalitetane i Bokn. I tillegg til settefiskanlegga på Trosnavåg og Hognaland har Grieg to matfiskanlegg her i kommunen, Lauplandsholmen og Tallaksholmen. Atle kan opplysa om at 12 av dei 25 jobbar på land, resten på sjøen.

Avdelinga på Bokn har for alvor etablert seg i bygda og har etterkvar ein del kompetanse.

- Her på Trosnavåg har dei tilsette totalt om lag 160 års erfaring, 10 av 11 har fagbrev i akvakultur og sistemann vil få fagbrev før jul, seier ein som sjølv har elektrokjemi-bakgrunn

og som tok akvakultur etter å ha jobba hjå Grieg i fem år.

Då han begynte i 1998 var dei to mann og produksjonen var 500.000 stk. fisk i året. I dag produserer dei 5 mill. stk. fisk i året.

All landbasert settefisk-produksjon i Grieg Rogaland er på Bokn.

- Me produserer også stamfiskkandidatar til samfiskanlegget vårt som ligg i Erfjord. Det er Erfjord som leverer oss rogna og me produserer han til smolt og leverer han til sjøanlegga, fortel Atle medan han viser meg rundt på anlegget. Det store fiskekar-rommet, der 85% av produksjonen foregår, inneheld 10 tankar med fisk. Fire tankar rommar 320 m³ kvar og seks tankar rommar 120 m³ kvar - totalt 2000 m³ med vatn. I det nye hallen vil det komma kar som rommar opptil 700 m³ med vatn.

før dei blir smolt. I løpet av 16-17 mnd. utviklar fiskane seg til slaktefisk på 4-5 kg.

Sommarjobb for ungdom

Atle er veldig engasjert i at ungdommene på Bokn har noko å gjera på i heimkommunen. At dei får prøva seg i arbeidslivet meiner han er noko av det viktigaste me kan bidra med.

- Ja, det er viktig at dei får prøvd seg og viktig for oss som næring med rekruttering. Med tanke på yrkesveg for dei unge er det også viktig at dei får sjå kva dette handlar om, meiner ein entusiastisk avdelingssjef.

Han lyser ikkje ut jobbane, alle søker på eige initiativ. I år tok han inn heile 14 stk. og måtte seia nei til nesten like mange. Sjølv om det er mykje arbeid med kontrakt, opplæring og risikoanalysering for kvar enkelt, får han mykje igjen for jobben og synest det er kjekt at ungdommene er så



100 grams leveringsklare fisk. I den nye planlagde hallen er eit av måla å produsera større smolt i store fiskekar, for å korta ned produksjonstida i sjøen, og dermed minska risikoen med lus og sjukdom.

Når fisken er klekka og produsert fram som yngel blir han flytta til desse kara og vidareprodusert til han er klar til å gå i smolt, med brønnbåt til merdanlegga deira i sjøen. Atle peikar på eit kar med 150.000 unglaks som skal ut i ei merd i sjøen med ei gjennomsnittleg vekt på 100/110 g. Desse var rogn i desember i fjor, så det går berre frå sju mnd. til eitt år

motiverte, positive og innstilte på å gjera ein god jobb.

Atle Jøsang har stor tru på framtida til Grieg Seafood.

- Denne næringa vil trenga m.a. elektrikarar, informasjonselektrikarar, mekanikarar, rørleggarar, kjemikarar, biologar og veterinærar. Det kjem til å bli ei vannviktig utvikling, avsluttar han.

Grunnsteinsnedlegging på fleirbruksshalltomta

Jardar Havikbotn

21. oktober blei oppstart av arbeidet på fleirbruksallen markert med grunnsteinsnedlegging på tomta i Føresvik.

Nordavinden og regnet tok ein etterlengta pause i samband med den høgtidelege seremonien der avtroppande ordførar Kyrre Lindanger la ned ein symbolisk grunnstein der den nye fleirbruksallen skal bygast. Kommunestyret og representantar frå entreprenør Haaland & Thuestad var inviterte til seremonien, og om lag 25 møtte fram denne oktoberdagen.

Entreprenøren hadde på førehand fått støypt til eit sjikt der grunnsteinen blei plassert av avtroppande ordførar. Grunnsteinen blei lagt ned om lag på straffemerket i den nore enden av det som skal bli håndballbane, og plasseringa vil bli avmerka på teikningane.

Tidkapsel

Sjølve grunnsteinen, ein metallboks laga av Olaussens Metall AS, vil fungera som ein tidkapsel og er fylt med byggetekningar, alle politiske vedtak som er gjort i saka om ny fleirbruksall, kopi av signert kontrakt, juniutgåva av Bokn Bygdablad, brosjyre frå entreprenør, avisartikkel om prosjektet, myntar, kommune-pin, Kjekt



Foto: Kjetil Hamre

Ordførar Kyrre Lindanger legg ned grunnsteinen på fleirbruksalltomta.

på Bokn-pin, begge binda av gards- og ættesoga for Bokn, Haugesunds Avis og VG datert seremoni-dagen og ein Legofigur.

Avtroppande ordførar Kyrre Lindanger sa i talen sin at realiseringa av fleirbruksallen er eit av mange steg for å skapa eit endå meir samla og attraktivt kommunesentrum i Bokn, og at fleirbruksallen først og fremst blir ein arena for idrett- og kultur og fremjing av fysisk aktivitet og ein

viktig møteplass for generasjonar av boknarar framover.




Foto: Kyrre Lindanger

Grunnsteinen til fleirbruksallen er i praksis ein tidkapsel, og er ei samling av gjenstandar og informasjon som blir brukt til å kommunisera med folk i framtida og til å hjelpe framtidige arkeologar, antropologar og historikrar.

M
Ø
T
E
P
L
A
N
A
R

2
0
1
6

	FORMANNSKAPET	FORVALTNINGSSTYRET	KOMMUNESTYRET
	26.01 kl. 19.00	27.01 kl. 19.00	Folkevaldoppl.: 14./15.01 (hele d.)
	23.02 kl. 19.00	24.02 kl. 19.00	
	05.04 kl. 19.00	06.04 kl. 19.00	08.03 kl. 19.00
	10.05 kl. 19.00	11.05 kl. 19.00	19.04 kl. 19.00
	07.06 kl. 19.00	08.06 kl. 19.00	21.06 kl. 19.00
	30.08 kl. 19.00	31.08 kl. 19.00	13.09 kl. 19.00
	27.09 kl. 19.00	28.09 kl. 19.00	08.11 kl. 19.00
	25.10 kl. 19.00	26.10 kl. 19.00	13.12 kl. 19.00
	Budsj. hele dager 10.11–11.11		
	29.11 kl. 19.00	30.11 kl. 19.00	

Bokn Bygdablad for 25 år sidan FRÅ NR. 8 1990

Stavanger Aftenblad
desember 1956:

"FLINKE GUTAR FRA FØRESVIK"

- I Føresvik er det ein guteklubb med namnet "Freidig". Og det er noko til klubben. For ei tid sidan stelte dei til basar - til inntekt for rednings-skøytene, som no under sildefisket tar så mang ein stri tørn. 111 kroner fekk gutane inn, og pengane sende dei til redningssekretær Leiv Gelius, Torfæusgate 50, Stavanger, saman med dette brevet:

Hallo, hallo!

Nå har me hatt utlodning. Me fann programmet i Magneblad. Her skal du høyra kva me loddar ut: Fire kaker, ei gottkorg, fire par gryteklytar, ein ball, hoppetau, smykkeskrin, duk, båt, fruktposar, noko til å setja varme ting på. Me hadde tilstelningen på skulehuset klokka 15 på ettermiddagen. Me hadde høyrespel og sang og me gjekk rundt juletreet.
Gutane i klubben er:
Rolf Aarsand, 11 1/2 år, Annbjørn Sunde, 12 år, Ståle Trosvavåg, 12 1/2 år, Reidar Alvestad, 10 1/2 år og Harald Alvestad som er formann. -

Gladmelding!

Rett før dette bladet gjekk i trykken kom meldinga om at det blir julegrantenning på Boknatun 29. nov. kl. 17.00 - 18.00. Det blir tenning av julegran, song rundt juletre og servering av grillpølse og saft.

Sjå difor bort frå art. *Slutt for julegranstenninga?*

- redaktøren -

GRATULERER!



Maja Vatnaland Eide - 7 år, 10. oktober.

Me vil gratulera Maja Vatnaland Eide med 7 års dagen 10 oktober.

Hilsen morfar, mormor, onkel Kjetil, oldemor og oldefar.

Omsetning av eigedomar i Bokn

Gnr 3, bnr 60 er overdradd fra Arne Øvrebo til Einar Tore Øvrebo (09.09.2015)

Føresvikvegen 187 (Gnr 11, bnr 8) er overdradd fra Jan Magne Alvestad til Hilde Iren Knutsvik Log (28.09.2015)

Føresvikvegen 187 (Gnr 11, bnr 8) er overdradd fra Hilde Iren Knutsvik Log til Margit Alvestad (28.09.2015)

Kjelde: Statens kartverk

Slutt for julegranstenninga?

Det er mykje som tyder på at det tradisjonrike arrangementet 1. sundag i advent ikkje blir arrangert i år.

Bokn Røde Kors, som har stått for arrangementet ein del år nå, sa - pga. driftsendringar i laget - tidleg i år frå om at dei ikkje lenger kunne arrangera, men ville hjelpe nye tilretteleggjarar med erfaringsutveksling og tips.

Kulturkontoret har sidan i vår vore på leit etter ny(e) arrangør(ar), m.a. utforda lag som har erfaring med store arrangement. Det har i haust vore samtalar med potensielle tilretteleggjarar, som igjen har hatt samtalar med representantar frå Bokn RK, men det har ikkje lukkast å få nokon til å ta på seg arrangementet.

Det er sjølv sagt synd at denne populære hendinga, som markerer inngangen til adventstida, ikkje lenger vil bli arrangert i bygda - i alle fall, slik mykje tyder på, ikkje i år.

Skulle det vera nokre eldsjeler som vil stella dette til 29. november, kan dei ta kontakt med kulturkontoret.



Foto: Kyrre Lindanger

Flott resultat igjen

Tekst: J. Havikbotn - foto: K. Lindanger

Nok ein gong sørga dyktige bøsseberarar og gåvedryss frå næringsliv, skule, organisasjonar, politisk parti og Bokn kommune for at Bokn blei plassert i landstoppen i samband med TV-aksjonen. Og så blei det sett ein fantastisk skulebasar-rekord på over 33.000!

Underteikna fekk vera med i prosjekt TV-aksjonen 2015 til nokre dagar før skulebasaren, og registrerte frå sidelinja at dåverande ordførar Kyrre Lindanger, med åtte års erfaring, fullførte prosjektet med glans. På aksjonsdagen fekk han hjelp med oppstellinga frå m.a. Solrunn Alvestad.

Bøsseberarane

Og så må ein ikkje gløyma hovudpersonane på sjølvé dagen; dei som tar årets viktigaste sundagstur. Og i år ikkje berre til fots eller med bil, men også med sykkel. Medlemmer frå Bokn sykkelklubb slo til med den uslålege kombinasjonen trim og veldedighet. Kan det på ein slik dag bli meir perfekt?

Aldri før har så mange ulike lag frå Bokns rike organisasjonsliv vore representerte i bøsseberarjobben:



Austre Bokn Bygdalag
Bokn båtforening
Bokn idrettslag
Bokn gatebilklubb
Bokn Røde Kors
Bokn sanitetsforening
Bokn sykkelklubb
Havnavegen velforening
NMS Bokn
Andre frivillige
Uruleg flott!

Ikkje like sjølv sagt for alle

Me visste at årets tema måtte jobbast ein del med for å få folket med på å støtta opp om prosjektet. Difor hadde me ute mykje informasjon om aksjonen i vekene før han gjekk av stabelen. Me føler me har nådd fram med det.

- Sett i lys av at ein kanskje ikkje treft like sterkt med årets tema og at TV-aksjonen hamna litt i skuggen av flyktningkrisa i Europa, synest eg resultatet i Bokn blei svært godt, seier tidlegare

ordførar Kyrre Lindanger, som nok ein gong kunne registrera eit imponerande sluttresultat for Bokn.

Resultat

I bøssene kom det inn kr. 91.416,- og summen av gåvene blei kr. 81.895,- Til saman kr. 173.311,- noko som tilsvrar over kr. 200,- pr. innbyggjar (Då er ikkje beløpet fra regjeringa tatt med)

Kommunekomitéen vil takka alle som har gitt pengar til årets TV-aksjon i Bokn! Takk også til bøssebærarane, og alle andre som på ein eller annan måte har bidratt til at Regnskogfondet får kjærkomme



Bokn sykkelklubb var godt representert ved årets TV-aksjon - velkommen igjen neste år!



Fv. Elisa Skeie og Lene Foss og veteran Edvin Øvreboe er blant dei som har vore bøsseberarar i fleire år!

midlar til arbeidet med å hindre avskoing av regnskogene kring i verda!

Neste år er det **Røde Kors** som har fått TV-aksjonen, for arbeidet sitt i krigsherja områder.

Gåver 2015:

Bokn Gatebilklubb	kr 800,-
Bokn Røde Kors	kr 500,-
Nedrebø Maskin & Transport AS	kr 1 000,-
Utdanningsforbundet i Bokn	kr 1 500,-
Bokn skule	kr 33 370,-
Tåganes Eiendom AS	kr 300,-
Hårsmiå	kr 300,-
Nibe AS	kr 300,-
Bokn hagelag	kr 4 000,-
Frisørrommet på Boknatur	kr 200,-
High Comp a/s	kr 6 000,-
Bokn eiendom a/s	kr 500,-
COOP Bokn	kr 3 000,-
Entreprenør Odd Grønnestad	kr 2 000,-
Grieg seafood rogaland as	kr 5 000,-
Krovågen hestesenter	kr 500,-
Bokn Ap	kr 500,-
Bokn mållag	kr 500,-
Bokn kommune	kr 21 625,-

Hilsen fra Tanzania

Henriette Lindanger

Jeg er så heldig å være i Tanzania og jobbe som solidaritetssykepleier for norsk sykepleierforbund i tre måneder. Vi er tre sykepleiere med videreutdanning (helsestøtte + psykiatrisk sykepleiere) som er plukket ut til dette arbeidet.

Nå har vi vært her en måneds tid og vi har det helt topp. Vi bor på TICC (Tanga international competence center - TICC) som drives av det norske ekteparet Ruth Nesje og Odd Isaksen. TICC ligger idyllisk til i Tangaprovinsen i Tanzania, langs kysten ved Det indiske hav. Det er et flott og veldrevet utdanningscenter. Vi bor trygt og godt inne på området, og her kommer det årlig veldig mange norske studenter som har praksis i kommunehelsetjenesten.



Vi bor idyllisk på TICC.

TICC samarbeider med ulike høyskoler i Norge og andre organisasjoner. Vi arbeider innenfor 11 fagområder; mine områder er i hovedsak på 'Children under 5' og 'Mental health'. Hver dag blir vi hentet av småbusser på TICC og kjørt ut på jobb i nærområdene. Det er mye kjøring på humpeveier, masse nye problemområder enn det vi har hjemme, så utfordringene står i kø.

De to første ukene har jeg vært på helseklinikks inne i byen. Der kommer mødre med babyer til vektkontroll og vaksiner. Her foregår også fødsler og oppfølging av gravide, prevensjonsveiledning og vanlig 'legevakt'. Det er veldig folksomt på helseklinikken, og det er uvant å jobbe ute i varmen. Helseklinikken er veldrevet, selv om det ikke er alt av registreringer og journalføringer jeg forstår. Veiledning til mødre foregår på swahili- så det er en utfordring når jeg ikke alltid forstår alt.

Denne uken er jeg i psykisk helse, vi er ute på hjemmebesøk til pasientene. Jeg skal ha fokus på barnas psykiske helse og her møter jeg



Sammen med glade barn.

meg mye bra lærdom som jeg kan benytte i jobben min hjemme også.

Her er klimaet fuktig og gradestokken kryper bare oppover. Merker at



Vektkontroll

nok endel utfordringer. Å snakke om følelser her er ikke så vanlig som hjemme. Vi er nok mye mer direkte i vår væremåte også.

Det er mye fattigdom her, til tross for det er folket veldig glade og imøtekommende. Jeg er veldig heldig som får denne muligheten, ting blir virkelig satt i perspektiv, og jeg får med



Hver dag blir vi hentet av småbusser på TICC og kjørt ut på jobb i nærområdene.

energien og tempoet går saktere enn hjemme nettopp pga. varmen.

Ønsker alle en fin høst!

Vi solidaritetssykepleiere skriver blogg - følg gjerne den: NSF Tanga blogspot.

Kulturkalenderen - Nye arr./endringar

November

06. Kino i Auditoriet
06. Kulturkveld kl. 19.00 på Bokn bedehus sjå s. 13
07. Julemesse, gymsalen - sjå under
 09. Bibellesing kl. 18.00 på Bokn bedehus
 11. Artep kulturkafé, Kyrkjebygd kl. 16.00 - 20.00
12. Krigens kulturminner - sjå s. 20
 13. Petra fritidsklubb, Biljardturnering
 14. Barnebibel, Bokn kyrkje kl. 14.00-15.30
 15. Barnebibel, Bokn kyrkje kl. 15.00
 15. Bingo kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps
 18. Artep kulturkafé, Kyrkjebygd kl. 16.00 - 20.00
 18. Onlinekveld, 7. kl., Aksdal Kyrkje kl. 17.00-20.30
21. Julemesse, Tysvær soknehus - sjå s. 20
 22. NMS kl. 19.00 på Bokn bedehus
 23. Bibellesing kl. 18.00 på Bokn bedehus
 25. Artep kulturkafé, Kyrkjebygd kl. 16.00 - 20.00
 27. Petra fritidsklubb, Julemiddag

30. Gudsteneste kl. 15.00, bibel til fireåringar

20. Kino i Auditoriet

29. Julegrantenning, Boknatun kl. 17-18 - sjå under og s. 9

29. Gudsteneste kl. 18.00, lysmesse

Desember

02. Artep kulturkafé, Kyrkjebygd kl. 16.00 - 20.00
 02. Småbarnssang kl. 17.00-18.00, sjå under
03. Juleforestilling i Allrommet, sjå under.
 04. Kino i Auditoriet
 06. Julekonsert kl. 18:00, Bokn skule
 07. Bibellesing kl. 18.00 på Bokn bedehus
 09. Artep kulturkafé, Kyrkjebygd kl. 16.00 - 20.00
 11. Petra fritidsklubb, Nissedisko
 13. Gudsteneste kl. 11.00
 13. Luciafest kl. 18.00 - arr. Bokn musikkorps
 24. Gudsteneste kl. 14.00
 26. Gudsteneste kl. 11.00
 31. Gudsteneste kl. 16.00

Gymsal, kveld - oppdatert 02.11.15

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån	Bokn skulekorps	18.00 - 20.00	Lillian Grønnestad
	Bokn Brass	20.00 - 22.00	Lillian Grønnestad
Tys	Barnetrim	16.30 - 17.30	Tore Lund
	Seniordans	17.30 - 19.30	A. L. Hoffmann
	Friskis & Svettis	20.00 - 21.00	Anne L. Faye
Ons	Fotball Mix7	17.00 - 18.00	Rannveig F. Øvrebo
	Fotball J9	18.00 - 19.30	Bjørnar Bryningsland
	Volleyball, ungd.	19.30 - 21.00	Mariann K. Furseth
Tor	Fotball Mix6	17.00 - 19.00	Lars Norekvål
	Bokn IL	19.00 - 20.00	Anette Våga
	Volleyball, vaksne	20.00 - 22.00	Nina K. Aspenes
Fre	Basistrening, frå 9 år - Bokn SK	17.00 - 20.00	Kjell Olav Skjelde
Lau	Basistrening, Bokn SK (Nov. til feb.)	14.00 - 16.00	Kjell Olav Skjelde

Juleforestilling torsdag 3. desember kl.10.00

på allrommet, Boknatun

Den vesle bygda som glemte at det var jul

med Kristine Hesjadalen og Ole Fredrik Norbye

Ei koseleg og underhaldande forestilling med julesonger, skodespel og bilet på stor-skjerm. Dette blir ei forestilling på tvers av generasjonar.



Me inviterer pensjonistar, be-buarar på sjukestova/ omsorgsboligar, barnhageborn og andre som vil ha med seg ei fin førjulsstund.

Forestillinga er basert på Alf Prøysens historie med same namn: "Den vesle bygda som glemte at det var jul".

Arr. Sjukestova og biblioteket i samarbeid med Folkeakademiet i Rogaland

Julemesse

Bokn skule, gymsalen laurdag 7. november kl. 11.00.

Velkommen!



Julegrantenning

Det blir julegrantenning på Boknatun 29.11.15 kl. 17.00 - 18.00.

Det blir tenning av julegran, song rundt juletre og servering av grillpølse og saft.

Kulturkveld på Bokn bedehus

Fredag 6. november kl. 19.00.

Inngong 200 kr.

TORVALD TU

Jærstubbar og jærdikt

Torvald Tu var ein folkekjær diktar i mellomkrigstida, men blei aldri ein del av det høgglitterære miljøet. Han skreiv først og fremst på jærsk, det blei varemerket hans. Torvald Tu skreiv både eventyr, stubbar, dikt, skodespel og romanar. Han ga i alt ut 56 bøker.

Olaf Ausdal kåserar om jær-diktaren
sitt liv og levnad og framførar
snuttar frå verka hans.
Allsong som vert leia av Venevil Birkelund.
Tradisjonsmat vert servert!
Rømmegraut, risgraut, havregraut,
mjølkeboller,
sprengt mjølk. Fenalår, skinke,
ymse spekjepølser,
tørrsild, lubbesild, røykjesild, røy-kjemakrell og
spekjemakrell.

Arrangør: Bokn mållag og Bokn bedehus



Serie

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Også denne gongen er det i første rekke Martha Lohndal og Helge Laupland som er leverandørar av ord og uttrykk. Og også denne gongen kom dagsentergiengen og Andor likt ut med åtte poeng kvar. Dagsentergiengen bomma på *ilspodl* og *nøvert* medan Andor var litt i stuss om kva *rugjerde* og *ilspodl* var. La det likevel vera sagt at Andor imponerte ved å vita at brennenesle heite *brennineta* på islands og ei heil utgreiing om *skrøyve*. Dessutan gjorde han også redaksjonen merksam på at me faktisk hadde bruka *kvedel* ein gong før.

Forklaringar:

- | | |
|-----------------|--|
| 1. ei brennytla | ei brennenesle |
| 2. ystabø | bregner, einstape |
| 3. bodavon | noko det er håp for, som kan reparerast |
| 4. eit bråd | nedst på eit strikketøy, eit opplegg, eit bratt berg |
| 5. skrøyve | noko som aukar, utvider seg |
| 6. ein sloe | skjer i vassmålet |
| 7. nøvert | smalt, trøngt, knapt |
| 8. ilspodl | kråkebolle |
| 9. kvedel | ullteppe |
| 10. rugjerde | innhegning der ein samla sauene |

Månadens utfordringar, kva betyr

1. ei helsespydla
2. rygder
3. blåskår
4. rygder
5. tågnene
6. lapsen
7. bagskoden
8. ei kreksa
9. smålog
10. å rua

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 13. november.

Resultat:

Dagsentergiengen 8 poeng
Andor Borgenvik 8 poeng

Det kan sjå ut til at boknamålet representerer ein rik skatt på ord og uttrykk. Når me trur at nå kan det vel ikkje vera fleire slike boknauttrykk, så boblar det opp stadig fleire. Me vil difor utfordra lesarane nok ein gong til å koma med innspel på ord og uttrykk det brukar i leik og arbeid, i helg og kvardag.

Lukke til vidare med utforskinga av boknamålet!

**Formannskapsmøte 08.09.2015, sak 051/15****Kjøp av tomt gnr. 5 bnr.18**

Formannskapet vedtok samråystes: Bokn kommune sel del av gnr. 5 bnr. 18 til eigaren av gnr. 5 bnr. 28. Tillegget, som er på om lag 280 m², gjer at det i samsvar med reguleringsplanen kan bli ei ny tomt ved å leggja den nye delen saman med areal som ein skil ut frå gnr. 5 bnr. 28.

Prisen blir sett til kr 200 pr. m², som svarar til den kommunale prisen for tomter i feltet. I tillegg til kvadratmeterprisen skal kjøparen betala for sakshandsaming av utskiljingssaka, oppmålingsgebyr, dokumentavgift og tinglysingsgebyr.

Formannskapsmøte 08.09.2015, sak 053/15**TV-AKSJONEN 2015 - kommunalt bidrag.****Formannskapet vedtok samråystes:**

1. Formannskapet løyver kr. 25,- pr. innbyggjar til TV-aksjonen 2015.
2. Midlane blir tatt frå 1490 120 1000 - "Reserverte bevilninggar".

Formannskapsmøte 08.09.2015, sak 052/15**GNR. 9 BNR. 131 - Lars Norekvål - kjøp av parkeringsareal.**

Formannskapet vedtok: Bokn kommune sel del av gnr. 9 bnr. 131 som tillegg til gnr. 9 bnr. 161 sek. 1 og 2. Tillegget er tenkt nytta til parkering slik at ein kan utnytta gnr. 9 bnr. 131 betre. Arealet er i kommuneplanen avsett til bustadførremål. Parkering til bustader er såleis i samsvar med føremålet.

Prisen blir sett til kr 200 pr. m², som svarer til den kommunale prisen på tomene i området. I tillegg til kvadratmeterprisen skal kjøpar betala for sakshandsaming av utskiljingssaka, oppmålingsgebyr, dokumentavgift og tinglysingsgebyr.

Lars Norekvål var ikkje del av handsaminga grunna inhabilitet i saka. Vedtaket vart vedteke mot to stemmer (1 Krf og 1 S) (6 av 7 voterande).

**Forvaltningsstyremøte 01.09.2015, sak 029/15****Detaljreguleringsplan for R E39 ROGFAST, Laupland – Knarholmen samt tunnel og ventilasjonstårn på Kråga**

Formannskapet sitt vedtak: Saka vart drøfta. Senterpartiet sette fram fylgjande forslag:

Saka blir sendt over til kommunestyret med forslag som fylgjer: Handsaming av planen blir utsett. Bakgrunn for utsetjing er at ny trase for videreføring av E39 over Bokn ikkje er fastlagd. Traseen kan føra til problem for framtidig utvikling av området sør for Knarholmen og på Austre Bokn.

FV-029/15 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg fall. Framlegg frå SP vart vedteke mot ei røyst frå AP og ei frå H.

Forvaltningsstyremøte 01.09.2015, sak 030/15**Reguleringsplan Fyrvegen - endring av reguleringsføresegne - endeleg godkjenning.**

Formannskapet sitt vedtak: Bokn kommune vedtek endring av føresegne til reguleringsplanen Fyrvegen, dagsett 18.05.2015.

Vedtaket er gjort med heimel i § 12-12 i plan- og bygningslova.

Forvaltningsstyremøte 01.09.2015, sak 031/15**GNR.7 BNR.4,Våga – søknad om dispensasjon frå PBL§8-1 for oppføring av naust –søker : LOUIS MEDHAUG**

Formannskapet sitt vedtak: Forvalningsstyret dispenserer frå PBL§8-1 for riving av bestående naust på del av gnr.7 bnr.4 og oppføring av nytt med størrelse inntil 40m² BYA. og ellers i samsvar med bestemmelsene i kommuneplanen.

Det må søkes om igangsettingstillatelse for tiltaket.

Forvaltningsstyremøte 01.09.2015, sak 032/15**Gnr. 10 bnr. 8 - Per Helge Sunde- frådeling av bustadhús og gardstun - handsaming etter jordlova.**

Formannskapet sitt vedtak: Saka blei drøfta.

Høgre sette fram fylgjande forslag:

1. Forvalningsstyret gjev i medhald av delegert mynde samtykke til å dele frå ein parsell på 1680 m²

med påstående bustadhus på gnr. 10 bnr. 8 slik det er søkt om , jfr. jordlova § 12.
Dersom deling ikkje er rekvikert innan tre år etter at samtykke til deling er gjeve, fell samtykket bort.

2. Administrasjonen får fullmakt til å handsame naudsynt dispensasjon etter plan- og bygningslova.

FV-032/15 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg fall. Forslag frå H vart vedteke mot ei røyst frå A.

Forvaltingstyremøte 01.09.2015, sak 033/15

Gnr. 7 bnr. 32 - Ruben Våga - tomannsbustad – dispensasjon.

Formannskapet sitt vedtak: Saka vart drøfta.

Høgre sette fram fylgjande forslag:

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltingsstyret frå kravet om reguleringsplan i kommuneplanen sin arealdel for bygging av tomannsbustad på gnr. 7 bnr. 32, slik som det er søkt om. Det er lagt vekt på at tomta ligg i utkanten av feltet, og at den er byggemodna med veg, vatn og avlaup.

Etter forvaltingsstyret si vurdering, ville derfor bygging på denne tomta nå, ikkje gjere det vidare reguleringsarbeidet vanskelegare. Det er og lagt vekt på at fylkeskommunen deler dette synet. Føremona ved å gje dispensasjon vert derfor samla sett vurdert klårt større enn ulempene.

2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt på delegert fullmakt.

FV-033/15 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg fall. Forslag frå H vart vedteke mot ei røyst frå A.

Forvaltingstyremøte 01.09.2015, sak 034/15

Gnr. 9 bnr. 16 mfl. - Malin Taraldlien og Lars Arvid Norekvål - einebustad – dispensasjon.

Formannskapet sitt vedtak:

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltingsstyret frå kravet om reguleringsplan i kommuneplanen sin arealdel for bygging av einebustad på gnr. 9 bnr. 16 m.fl., slik som

det er søkt om.

Det er lagt vekt på at det er tale om fortetting av eit område som allereie er utbygt, slik at det ikkje er behov for ytterlegare avklaring av arealbruken i området.

Det og lagt vekt på at regionale styresmakter ikkje har innvendingar mot at det vert dispensert frå plankravet.

Føremona ved å gje dispensasjon vert derfor samla sett vurdert klårt større enn ulempene.

Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt på delegert fullmakt.

Det er ein føresetnad at søknad om arrondering av tomta er omsøkt og godkjent samstundes med at byggeløyve vert gjeve, og at det er gjort greie for ei tilfredsstillande kloakklysing.

Forvaltingstyremøte 01.09.2015, sak 035/15

Gnr. 17 bnr. 8 - Berit Solveig Dahl - anlegg av parkeringsplass og tilkomstveg.

Formannskapet sitt vedtak:

1. Forvalningsstyret er samd i naboane sine merknader om at nabovarslinga i høve til endringane av planane for veg og parkeringsplass er mangelfull, men finn ikkje at dette at hatt innverknad på utfallet av saka.
2. I medhald av § 20-1 l) vert veg og parkeringsplass godkjent slik den er utført.
Det er ein føresetnad at vegbreidda er maksimalt 3.0 m slik det går fram av kravet frå seksjon for kulturarv i fylkeskommunen og domen i jordskifteretten.

Kommunen tek ikkje stode til eventuelle tvistar om private rettstilhøve, jfr. § 21-6.

Kommunestyremøte, 22. september

Kommunestyremøte 22.09.2015, sak 030/15

Budsjettkontroll 2015.

Kommunestyret vedtok:

Kommunestyret tok budsjettkontrollen til etterretning.

Framhald neste side.

Kommunestyremøte 22.09.2015, sak 031/15

Kjøp av boligtomter i Føresvik.

Kommunestyret vedtok: å kjøpe 3 bustadtomter med gnr. 9 bnr. 153, 154 og 171 av Erling Sæbø til ein samla pris av kr 74.487 + eventuell oppmåling, tinglysningskostnader og indeksjustering fom 2010.

Kommunestyremøte 22.09.2015, sak 032/15

Karmøy og Bokn kommunar som forsøkskommunar i ny ansvarsdeling mellom stat og kommune.

Kommunestyret vedtok:

1. Bokn kommunestyre vedtar forskrift om forsøk med økt oppgåve- og finansieringsansvar for barnevernet, jfr. forsøksloven § 5 andre ledd. (Vedtak av forskrift er en føresetnad for å søkje om å bli opptatt som forsøkskommune).
2. Bokn kommune ønskjer saman med Karmøy kommune å delta i forsøket og vil søkje om å bli opptatt som forsøkskommune.

Vedtaket er samråystes.

Kommunestyremøte 22.09.2015, sak 033/15

Busetting av flyktninger.

Kommunestyret vedtok:

Forslag frå Tormod Våga SP.

Sp foreslår at saken utsettes til nytt Kommunestyre med henstilling om å finne ut om Bokn kan ta imot flyktninger, og i så fall hvor mange.

KS-033/15 VEDTAK:

Senterpartiet sitt forslag til vedtak vart vedtatt med 11 mot 6 stemmer (AP).

Kommunestyremøte 22.09.2015, sak 034/15

Tveit videregåande skule - vedtektsendring i stiftelsen.

Kommunestyret vedtok:

1. Bokn kommune ved formannskapet godkjener nye vedtekter ved Tveit videregåande skule.
2. Bokn kommune ved formannskapet gjev sin tilslutning til måten å fordela styreplassar på.
3. Nytt styremedlem frå Bokn blir valt ved konstituering av nytt kommunestyre, med val av medlem til ulike råd og utval.

Kommunestyremøte 22.09.2015, sak 035/15

Detaljreguleringsplan for E39 ROGFAST, Laupland - Knarholmen samt tunnel og ventilasjontårn på Kråga.

Saka blei trukket pga. nye opplysningar. Vil bli tatt opp i eit ekstraordinært møte.

Kommunestyremøte 22.09.2015, sak 036/15

Reguleringsplan Fyrvegen - endring av reguleringsføresegene - endeleg godkjenning.

Kommunestyret vedtok: Bokn kommune vedtek endring av føresegne til reguleringsplanen Fyrvegen, dagsett 18.08.2015. Vedtaket er gjort med heimel i § 12 – 12 i plan - og bygningslova.

Nytt frå soknerådet

Jan Magne Moi

Nytt sokneråd. Konstituering

Leiar: Ingunn Grønnestad

Nestleiar: Merete Alvestad

Til undervisningsutvalet

Ingunn Grønnestad

Merete Alvestad

Til diakoniutvalet

Anne Tove Øvrebø

Ingvild Håland

Til misjonsutvalet

Eivind Øvrebø

Ellen Nedrebø / Eva Moi

Til Kyrkjetonar

Styret: Eivind Øvrebø

Redaksjonsnemnda: Ingunn Grønnestad

Løparar på galleriet

Dei gamle løparane på galleriet i Bokn kyrkje var så slitt at det tidvis dryssa gjennom sprekker i golvet ned på dei nedanfor. No har soknerådet bestemt å kjøpa nye. Førebels er det berre sett opp å kjøpe fire lengjer i staden for dei åtte som ligg der i dag. Kostnadane vert likevel på over 11.000 kroner. Soknerådet vurderer innsamling for å dekke utgiftene.



Ledig ungdomsbustad

Det vert ledig ungdomsbustad på Øyrenfeltet, Austre Bokn.

Ungdom i alderen 18-35 år kan søkja om å leiga ungdomsbustad. Kommu-

nen vurderer innkomne søknader og tildeler bustad etter kriteriar hjå Husbanken.

Det blir kravd depositum lik to huslei-

ger. Med etterhald om endringar er leiga for tida kr. 2.830,- pr mnd.

Søknaden skal sendast Bokn kommune og søknadsfrist er **15. november**.

Bamsedagen

Linda Ognøy

Bamsedagen 2015 vart feira torsdag 22. oktober med boller, saft, bamseums og seigmenn. Om lag 30 stk var med på feiringa.

Dette blei eit av dei siste oppdra-
ga Kyrre Lindanger fekk som ordførar, men sikkert eit av dei kjek-
kaste. Ein engasjert Kyrre hadde ei
flott lesestund saman med ungane.
Boka som var valt ut dette året var
«Da den lille pingvinen begynte å
fryse» av Frank Ludvigsen med flotte
illustrasjonar av Dagfinn Bakke. Etter
lesestunda blei det bursdagsang,
boller, saft og gotteri. Den pensjoner-
te politibamsen Eddi var sjølv sagt
med på feiringa i år og.

Ein ekstra stor takk til Kyrre som i
sine 8 år som ordførar alltid har sagt
ja til å vera med på ulike arrange-
ment i regi av biblioteket.



Ein engasjert Kyrre hadde ei flott lesestund saman med ungane.

Den internasjonale Teddybjørndagen er 27. oktober, fødselsdagen til den tidlegare amerikanske presidenten Theodore Roosevelt – som nekta å skyta ein fanga bjørnunge under ein jakttur i 1902.

Gåver til barnehagen

Elisabet Taraldlien

Gåve frå Sparebanken Vest, avdeling Haugesund.

8. oktober markerte avdelinga "Bjørnane" i Bokn barnehage refleksdagen. Me hadde litt refleksar frå før, men ikkje alle var like. Litt av refleksane ville me hengje ute i trea og lyse på dei med lommelykt i mørkret, og sjølv sagt ville me at borna i barnehagen skulle få kvar sin refleks.

Det vart sendt ein førespurnad om refleksar til Lene Foss, ho jobbar i



Sparebanken Vest i deira avdeling i Haugesund. "Sjølvsagt skal de få refleksar" svara Lene, og gjett om me fekk! Flotte, nye refleksvestar, og "sparegrisrefleksdyr"!

Tusen takk til Sparebanken Vest!

Denne dagen snakka me om kor viktig det er å bruke refleks, nå når dagane vert mørkare og mørkare. Med von om god refleksbruk :)

Helsing "Bjørnane" og dei vaksne i Bokn barnehage.

Gåve frå Bokn mållag

Her ein dag for ikkje så lengje si, fekk Bokn barnehage ein kjempekjekk pakke i posten. Den var frå Bokn mållag, og inneholdt ti flotte bøker, på nynorsk! To av bøkene er allereie i bruk, og me er særskilt takksame for gåva, den kjem så vel med.

Samstundes med bøkene, kom der og to fine figurar. Dei høyrer saman



med boka Bø og Bæ, og skal brukast så ofte som mogleg. Bø og Bæ finn nemlig på mykje rare ting, og er gøyale å lese om.

Tusen takk, helsing personalet og ungane i Bokn barnehage.



Ordet fritt

Allrommet på Boknatun

Ingunn Are, styremedlem i Bokn pensjonistforening.

Torsdag 29. oktober 2015:

I kveld har Bokn kommune saman med styret i Bokn pensjonistforening hatt fest for eldre. Bjørn Kallevik og Halvard Josefsen underheldt med "Eg fant ein song".

Dette skriv eg for å fortelje korleis me i styret opplevde å bli mottatt då me skulle stelle til festen.

Ragnhild Laupland var innom med smørbrød og kaker ho hadde henta på Aksdal. Døra til allrommet med tekjøkkenet var open. Der sette ho inn smørbrøda på benken. Kakene var det god plass til i kjøleskapet. Men



Foto: Jardar Havikbotn

døra til hovedkjøkkenet var stengd. På denne døra står det forbudt for

andre enn kjøkkenpersonalet. Ho undra seg over det ho såg.

Klokka 3 skulle me møtast for å dekka bord m.m. Underteikna var den første som møtte opp. Eg undra meg over forbudskiltet på kjøkkendøra og gjekk for å finne nokon som kunne fortelje oss kva me skulle gjera. Alt var låst, eg fann ingen. Gjekk då å ringde på dørlokka. Ingen kom ut, men eit vindauge blei opna. Gjennom vindauge fekk eg beskjed om at Mattilsynet hadde stengt kjøkkenet for utleigarar.

Eg blei kort sagt rasande. Ei av personalet lova å låsa opp, men ho vart hindra. Ei anna av personalet kom og gav beskjed om at me ikkje fekk koma inn. Mattilsynet hadde stengt kjøkkenet for utleigarar. Me måtte ned på kommunale kontor og høyra kva me skulle gjera. Der var svaret det same, Mattilsynet hadde stengt kjøkkenet for utleige og det vedtaket måtte akseptast.

Det eg er så uendeleg skuffa over er:

KORFOR HADDE ME IKKJE FÅTT BE-SKJED???

Me fekk tillatelse til å vaska opp på hovedkjøkkenet denne dagen.

Sigmund Alvestad som leia festen dikta eit vers som me song:

Me hadde ein gong eit rom
med kjøkken og bord og stol.

Men det var i gamal tid. Kvar er det
nå?

Eg berre undrast: Kvar er det nå?

Underteikna legg til:

Det hang ein plakat med samlingane
til pensjonistforeninga.

Kvar er han nå?

Eg berre undrast, kvar er han nå?

Dette gidd eg ikkje vera med på leng-
er.

Takk for meg.

**Ingunn Are, kasserar i Bokn pensjo-
nistforening**

GRATULERER!



**Randi H. Nilssen - 50 år,
3. november**

Gratulera så masse med
dagen din. Kjempeglad i
deg.

Hilsen Helge Kristian, Kris-
tian, Henrik, Hanne og
Jostein



Fyren bustadfelt på Bokn



Foto: Ida K. Vollum – veiv.no

Sjønære einebustadtomter for sal

Kontakt servicetorget, tlf. 52 75 25 00 eller post@bokn.kommune.no

KJEKT PÅ BOKN 

Fin konsert med nynorske tekstar

Jardar Havikbotn

Tom Roger Aadland sørga 28. oktober for ein flott musikalsk time i Auditoriet.

20 stk. fekk oppleva rockepoeten frå Vikebygd, busett i Oslo, framføra dei fleste låtane frå den nye siste plata si, "Rapport frå eit grensehotell". Tidlegare på dagen hadde Aadland også gjort dette for 5. - 10. klasse ved Bokn skule.

Tom Roger Aadland opptrer oftast med fullt band, men denne hausten reiser han rundt åleine saman med gitarane sine. Han har klassisk gitartdanning frå Østlandets musikkonservatorium i Oslo, og konserten bar preg av ei visestund med element av stilartane rock og folk.

Stemningsfullt

Han sette bokstaveleg talt an tonen då han byrja konserten med radiohitane *Songen Av Jorda* og *Like Til Mi Dør*. Ordet stemning går igjen i formidlinga, både med den litt såre stemma og med dei ulike gitarane hans. Litt effektbruk blei det i dei songane han nyttja el.-gitaren, etter publikumsuttrykka å dømme fungerete nok dette best for dei yngste tilhøyrarane tidlegare på dagen.

Den dyktige gitarspelaren fekk bestvist sin klasse då han kompa melodiane på ein klassisk måte, slik som t.d. i den nydelige *Vel Av Garde*, der tek-



Tom Roger Aadland fekk plass til Bob Dylan-gjendiktning på konserten. Då munnspelet kom fram, var det ingen tvil om kva han heldt på med.

ten er tru mot den poetiske strofeforma Sonette (dikt på 14 linjer).

Nynorsk

Aadland voks opp med nynorsk på skulen i heimbygda si og nyttar skriftmålet i diktinga si. Det var også dette som førte til at han verkeleg blei lagt merke til i Noreg. Han gjendikta eit heilt Bob Dylan-album, og han framførte også nokre låtar frå plata *Blod på spora* denne siste onsdagen i oktober. At han framfører alt på nynorsk blei trukke fram av fleire tilhøyrarar etter konserten, og det

blei sagt at dette var utruleg flott og tilførte det heile ein ekstra dimensjon.

Å stå heilt åleine på scena er ikkje lett, særleg ikkje når folk er vane med at han har eit band med seg, men han klarte fint å få fram stemningane; det mørke og vakre, som plata er kritikarrost for.

I april neste år går Tom Roger Aadland i studio igjen, og plutselig er han tilbake i Bokn i samband med ei ny plate.

Annonser/kunngjeringar

Julemesse

på Tysvær soknehus

Lørdag 21. november kl. 11 - 15

Salg av grøt, lapskaus, kaker og kaffi + varesalg.

Åresalg og hovedtrekning.

Alle velkommen!

N.M.S.-foreningane Tysvær og Bokn

Krigens kulturminner

Anne E. Askeland og Leiv Våga vil fortelja om krigens kulturminner torsdag den 12. november kl. 19.00 på Allrommet, Boknatun. Det vil bli orientert om arbeidet på nasjonal og lokal basis (Loten). Kaffi med noko attåt. Alle er velkomne.

Bokn historielag

HÅRSMIA
BOKN
46442920
52748647
SVENNEBREV

Velkommen til Hårsmia!

Julebordtid: før-julstilbud ved kjøp av 2 Awapuhi-produkter, følger med 1 gratis Sensitive-produkt.

Jobber til og med mandag 21. des. Vær rask, listene beg. å fylles opp mot jul.

Ønsker alle en fin førjulstid.

Mvh. Mona

46442920
52748647

Frisørrommet på Boknatur
- i sentrum av Bokn -

Åpningstider:
tirsdag-fredag
kl. 09-16

GOLDWELL

Hilsen fra Anita
99 32 55 34
52 74 85 34

GOLDWELL

MÆLAND BYGG
NYBYGG & REHABILITERING

BOKN BYGG

VESTLANDS HUS

Byggmester-papirer med sentralgodkjent ansvarsrett.

Utfører:

Alt innen nybygg og rehabilitering. Totalentreprenør.
Tegneoppdrag, beregninger og byggesøknader.
Kontorer, trelast og varehandel på Bokn Bygg.
Leverandør av VestlandsHus, hytter og garasjer.

Ta kontakt for en hyggelig og uforpliktende prat.

Jan Magne Mæland 90565245
Tor Henning Mæland 95221191
Mail: jmm@maeland-bygg.no

Tannlege Ingjerd Hope Myklebust har skiftet arbeidssted til Aksdal tannklinik i Aksdal senter, 2. etasje ved Jernia. Velkommen til gamle og nye pasienter!

Telefon 52 77 57 00

aksdal
TANNKLINIKK

TANNLEGE
Ingjerd H. Myklebust

TANNLEGE
Camilla K. Mæland

Tysdagskafé
- selekter, nupereller og andre pimperneller; kafeen for ein kvar smak!

Kvar tysdag kl. 09.30 - 13.30 på Bokn bibliotek
Gratis kaker og kaffi
Velkommen!

Opningstider, Bokn bibliotek

Måndag	16.00 – 19.00
Tysdag	09.30 - 13.30
Onsdag	16.00 - 19.00
Torsdag	09.30 - 13.30

BOKN LEGEKONTOR
Opningstid tysdag, onsdag og fredag 08 – 15.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.
Timebestilling også på nett / SMS – sjå bokn.kommune.no for meir info.
Ved livstruande tilstand, ring 113.
Dersom du er utanfor kommunen, men treng å komme i kontakt med Bokn legevakt (f.eks som pårørende), ringer du 52 74 85 22.
Jan Schille - lege

Legevakt
116117



**ALT ER
MULIG!**



VI LEVERER

altibox

Bestill på haugnett.no

KFL bil og utleie

Utleige av stillas	frå	500 kr. pr.v.
Utvendig lakrens av bil	frå	2.500 kr.
Innvendig reingjering	frå	500 kr.
Skinnpleie	frå	500 kr.
Desinfisering av klimaanl.		500 kr.

Utleige av minigravar 2500 kg

Pris døgn	1.000 kr. + mva
Pris veke	5.000 kr. + mva
Pris pusseskuffe	150 kr. + mva
3.500 hengar, døgn	400 kr. + mva

Nytt!

Smøreoljer til alle formål.
T.d: 2 taksolje, motorolje,
hydraulikkolje,
sakkjedeloje osb.

Kjell Frode 907 83 797
John Magne 909 24 964
@: kjellfrode75@hotmail.com



Bokn hjelper Ukraina

Du finn oss på hjørnet til Coop
Marked Bokn.

Oppningstider blir varslet med oppslag på døra og på Facebook-sida vår.

Helsing
Elisabet & Annette
469 59 513 - 913 28 258



BOKN BYGDA BLAD

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året.
Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 424,- pr. år, 607,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Medarbeidarar: Annette Bokneberg/Gro Sørensen

Bygdabladnemnd

Elisabet Taraldlien
Kjetil Hamre
Hanne Marte Vatnaland



Foto, omslag:
Ida Kristin Vollum, vestfoto.no

Gjeldande annonsepriser

Heilside	kr. 2.000,-	1/8 side	kr. 250,-
Halvside	kr. 1.000,-	Privattann.	kr. 100,-
Kvartside	kr. 500,-	Nettannonse	kr. 100,-



- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

Telefon: 94 98 63 64


Bokn & Tysvær

Kjell Frode Lie
907 83 797
John Magne Lie
909 24 964

begravelsesbyrå

Trovåg Elektro

Gammelt sikringskap?



KONTAKT OSS:
52 77 63 39
post@trovag.no

A-Blad

Returadresse:
BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

